



Det finst verkelege ting som ikkje kan formidlast med ord. I staden viser dei seg. Dei er det mystiske.

(Ludwig Wittgenstein 1889-1951)



1. Å gå inn i vår tid.

«Kjærleik i koronaens tid?», var overskrifta på årets Verdiseminar/ Diakonisamling. Det er ikkje tvil om at pandemien har prega året.

-Me veit ikkje enno kor mange som vil døy for tidleg på grunn av tiltaka som er gjort, sa tidlegare kommunelege i Seljord Elisabeth Swensen på seminaret.

-Mange vil døy på grunn av einsemd, konkursar og angst. For me veit mykje om kva angst gjer med menneske, det er dødeleg det. Om 10,20,30 år kan me sjå resultat av kva tiltaka gjorde med fellesskapen. Frykta gjer oss i alle fall ikkje snillare. Krisa set verdas fattigdomsarbeidet mange år tilbake. Samstundes som ei slik stor samfunnsskrise utfordrar demokratiske strukturar, og fører til mindre demokrati, sa ho. Seminaret førte med seg ordskifte og innlegg i media, og understrika diakoniens rolle som *ei røyst i verda*.



Ein av diakoniens oppgåver er alltid å *gå inn i si tid*. Utforde, ta på seg oppgåver ingen andre gjer, peike på styrken i det kollektive og alltid...

2. Sjå etter ljoset.

Det har vore gode digitale omleggingar innan kyrkje og diakoni, (ein slepp å reise til Skien for eit to timars møte), men så blir ein ekstra glade når ein kan

møte kvarandre. Menneskemøter skapar von. Relasjonar er grunnlaget i diakonien, og då er det diakonale grasrotarbeidet gjennom samtaler og oppfølging viktig. Sist år har det vore 378 samtaler. *Annleisåret 2020* har smittekløkt ført til mange fleire telefon – og ute-samtaler. Under arbeidet med denne årsrapporten finn eg mi fyrste Diakonispalte i Vest- Telemark Blad frå 1991 (9.februar). Overskrifta var

Sjå etter ljoset... *Enno sviv jorda rundt, men me er redde. Angsten sit langt inne i sjela. Det har hendt så mykje vondt den siste tida. Alt verkar liksom så vonlaust. Likevel gjev me ikkje opp. Diktaren Hans Børli seier det slik:*


*Ett er nødvendig – her
i denne vår vanskelige verden
av husville og hjemløse.*

*Å ta bolig i seg selv
Gå inn i mørket
og pusse sotet av lampen*

*Slik at mennesker på veiene
kan skimte lys
i dine bebodde øyne*

Den gongen handla det om redsla for ein stor krig i Midt- Austen (Irak) og sorga etter at Kong Olav døydde den 17.januar 1991.

3. Å sjå etter ljoset og å leite etter Den eine. Likninga om den eine sauен (Luk, 15, 4-7), som blei borte er ei ledesnor i det diakonale arbeidet. Diakonien får også høve til å fokusere på dei små tiltaka; fordi det er det einskilde menneske som er verdien. Difor kan ein lage sorggrupper for to eller Vandring for forandring for den eine som meldte seg på, og som trengte turen. Om ein finn nokon i Rauland til Leva- Vidare gruppa. Kan det godt hende at det fins ein på Høydalsmo som vil vera med. Det ser smått ut, men er eigentleg stort. Stort fordi kyrkja har kompetanse og kapasitet til å stille opp for den enkelte.





4. Kanskje er det vranglære? Men eg trur at apostelen Peter si svigermor var frå Vest-Telemark. Det var ho som var febersjuk. Men Jesus rørte henne. «Då gav feberen seg, og ho stod opp å tente han. (Matteus 8, 16) Takk til alle som på ulike vis er som Peters svigermor. Ho har ikkje noko namn i Bibelen, men ho kan godt heitte

Anne, Margit, Gunnar, Oscar, Hallvard, Ingebjørg, Helene, Tore, Else eller Sigrid. Diakonien syner seg i eit handtrykk til ein ny på gudstenesta, i oppvasken etter føremiddagstreffet for eldre eller opne kyrkjer på Helgemesse.

5. Eit mål for diakonien er å skape bru mellom samfunn og kyrkje. Diakonien ønsker og er avhengig av stor samfunnskontakt for å gjere sitt arbeid. Vår kyrkje er det som

nokre samfunnsvitarar kallar «uenighetsfellesskap». Det vil seie ein er mange ulike menneske samla, og med mange ulike meiningar. Grunna pandemien og avgrensa tilgang til kyrkjene stelte sokneråd og diakoniutval til Opne kyrkje knytt til Helgemesse. I Tokke prøvde ein seg og med at alle kyrkjene var opne ein time sundagen før julaftan. (Vel 1 % av Tokke innbyggjarar deltok dvs. 25 menneske) Godt med opne kyrkjedører, men også dørene til resten av Vest- Telemark er godt opne.



6. Samarbeid og samhandling er lett med folk som likar kvarandre. Med dei kan samarbeide om alt. Trass, i livssyn. Det er dette som er så fint i Vest-Telemark, alt det gode samarbeidet som fins. Til dømes gjennom Etiske Refleksjonsgrupper for helsepersonell i Fyresdal, Tokke og Kviteseid. Eller gjennom arbeidet i dei Psyko-sosiale kriseteama i Vest- Telemark.



7. Gud skapte menneske i sitt bilete. Det beste har Han lagt ned i oss, på sjuande dagen såg han opp og kalla verket sitt « svært godt». (1.Mos 1,31) Gud treng oss som hender og føter, øyro og munn i denne verda. Etter ei fruktfadese gjekk Herren sjølv rundt i Edens hage og leita etter Adam og Eva.

Spørsmålet den gongen som no: « **Kvar er du menneske?** (1.Mos 2,10)

Arbeidsområde.

Oppretting og oppfylging av diakoniorgana i kyrkjelydane i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Det er diakoniutval i Kviteseid, Nissedal, Grunge og Fyresdal. Utvala har ansvar for blomehelsingar, helgemesse og diakonidagar. Desse sokna har oppdatera Diakoniplanar Vinje/Nesland, Kviteseid, Fyresdal og Nissedal.

Forkynning og undervisning om diakoni. Dette skjer gjennom gudstenester (13), diakoniundervisning for konfirmantane, kursverksemd, diakoniutvals- og soknerådsmøte og diakonispalta i Vest Telemark Blad. I fjor blei det lansert ein podkast kalla «Diakonalgang». Ved årsskiftet er dei lasta ned 1575 gonger. Tre nye episodar er sendt ut dette året. (Søk på Diakonalgang)



Opplæring og utdanning av frivillige medarbeidarar. Så godt som råd blei det prøvd å følgje opp dei friviljuge. Målet var at dei ein eller annan gong gjennom året, får ei rose. Diakonisamlinga for Vest-Telemark er eit årleg og godt samlingspunkt. Grunna covid- 19 viruset blei samlinga halde i november, og sidan Vinje var vertskap, og slått saman med Verdiseminaret. (All denne samkøyring var bare positiv.) Eit planlagt kurs om Diakoniplanar måtte avlysast, men i staden er det spela inn ei lite kurs som er å finne på You tube for bruk i sokneråd/diakoniutval. (Eit godt samarbeid med prost Asgeir Sele, sokneprest Møyfrid Lunde og diakonstudent Helene Sele)



https://www.youtube.com/results?search_query=Diakoniplan



Samarbeid med sokneråd og kyrkjellege tilsette. Samarbeidet skjer på mange felt. Mellom anna gjennom møte med sokneråd og diakoniutval. Siste år har eg delteke på møte med sokneråda i Tokke, Vinje og Kviteseid. Samt stabsmøter i Kviteseid, Tokke og Vinje.

Arbeid med å styrke fellesskap og opprette omsorgsgrupper, Sist år har eg hatt ei "Gå vidare - gruppe i Åmot og «Leva- Vidare» gruppe i Kviteseid samt avslutta ei Ung- sorg gruppe i Vinje. (58 deltakarar.) I samarbeid med Psykisk helse i Tokke blei det arrangert ei Samtale om Livet gruppe (4 gonger med 10 deltakarar). På Distrikts-



Psykiatrisk Senter (DPS) i Seljord vert det gjeve tilbode om samtaler gjennom trefftider annankvar veke, og Samtalegruppa(«Håpsgruppe») er halde 12 gonger med 40 deltakarar. På Kvitsund held den tiårige tradisjon med Guys -

Group” fram (3 gonger med 20 deltarar). I vår leia eg ei «Gute- gruppe» på Høydalsmo skule, og har gåande ei gruppe for pårørande til demente i Tokke.(Kvileplassen) i samarbeid med Tokke Frivilligsentral. (4 gonger/ 10)

Arbeid som fengselsdiakon i Kleivgrend. No er han stengd. 16 januar 2020 køyrdet eg for siste gong opp til Skogsleiren i Kleivgrend. Eg er lei meg for at ikkje kyrkje eller samfunn har klart å mobilisere meir i kampen for god kriminalomsorg. Den 8 januar var siste gong med hadde samling med kaffi og kaker i leiren. Ein 33- år lang tradisjon med kaker frå bygda var over. Denne gongen var det Tordis Jørstad som hadde baka. I mitt hovud tenker eg at baksten var med å bygge den gode relasjonen mellom bygda og leiren. (Høyr på podkasten Diakonalgang: Siste tur til Kleivgrend)



Gje hjelp til menneske i akutte og vanskelege livssituasjoner. Jamt over tredje kvar veke kjem det nye kontaktar. Elles er det utrykkingar i samband med arbeid i krisegruppene. Fire slike dette året. (Tokke (2), Kviteseid (1)og Fyresdal (1).

Stoff til kyrkjelydsblad, radio og nettstader Diakonispalta i Vest Telemark Blad er ein fin måte å få ut diakonale drypp på. (40). I Telemark Tidende i Telemarksavisa har eg ei spalte kalla ”Påfyll”. (35) I samband med Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp får me disponere tre avissider i VTB. / (I år var aksjoen rein digital). Snakka om Fasteaksjonen på Radio Vest-Telemark/ Prostidiakonen har heimeside og Facebookside. No er det 1237 som likar ho. <https://www.facebook.com/ProstidiakonenIVestTelemark/> Opp 20 frå 2019) Kyrkjelydsblaða får og jamleg stoff. Elles prøver ein så godt ein kan å gje formidle stoff til avisene og NRK. Ved to høve har eg vorte intervjuet av NRK.

Ha kontakt med offentlege sosialteneste og humanitære organ.

Prostidiakonen er med i dei kommunale krisetema i Nissedal, Vinje, Tokke

ÅRSRAPPORT for PROSTIDIAKONEN I VEST-TELEMARK 2020


og Kviteseid og Fyresdal. Kontakten med Vest-Telemark Rådet, skular, sosialkontor, barnevern og arbeidsmarknadsbedriftene er god. Samarbeidet med psykisk helse i dei seks Vest -Telemark kommunane (samt KVITO og DPS) om ”Å vandre med håp”. Vandringa vart gjennomført for 12. gong. Men grunna covid-smitte gjekk me bare to dagar . Eit positivt og viktig verv i er å vera med i Brukarutvalet for NAV- Vest-Telemark.


Sidan 1985 har Vest-Telemark hatt Prostidiakon.

Prostidiakonen i Vest-Telemark er eit samarbeid mellom sokneråd og kyrkjelege fellesråd i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Pengane til stillinga kjem dels frå dei samarbeidande partane og Agder og Telemark bispedømeråd. Diakonatet har eit valt styre. Styreleiar er Oscar J. Garnes, Vinje.Tokke kyrkjelege er vertsfellesråd, har arbeidsgjevaransvar og fører rekneskapen. Dalen er kontorstad for prostidiakonen.



Statistikk over samtaler i fellesrådsområda, DPS og Skogsleiren






Koronatelefonar mars- april – mai 2020	
Kommune:	Tal:
Nissedal	4
Fyresdal	12
Kviteseid	20
Tokke	11
Vinje	29

JUUV ZEE FØRSTAD
Alf Nilsen og Yvonne Holme-
(18.02.2020)

sen og
Myrhau

egen 623 (Gnr 88, bnr 60) er
for kr 340.000 til Knut Steinar
(2020)

Juvland
er overd
grethe J



Ved starten av
koronapandemien blei
det laga ei annonse i
nettutgåva til Vest-

Telemark Blad, her vart Prostidiakonens telefonnummer flasha. Folk blei
oppmoda om å ringe om dei påkjenningar viruset skapte. Samstundes gjekk
det ut oppmoding i det kyrkjelege systemet om å nytte meir telefon til å halde

kontakt med folk. Tabellen syner ekstra telefonar i den tida landet vart mest korona-stengd. Fysiske samtaler elles er naturleg nok noko redusert (378), men det har vore eit mål å halde oppe kontakten med dei meste sårbare. Så her har det vore på med munnbind og god avstand.

Aktivitet.

Samtaler

83

Vinje. Tre stabsmøter/medansvarleg for Diakonisamling og Verdiseminaret med tema «Kjærleik i koronas tid? (55 deltakarar)/delteke på Klimagudsteneste under snoformingsfestivalen i Åmot/delteke på NRK- gudsteneste i samband med Litteraturdagane i Vinje og på Helgemesse i Rauland/leia ei Gå - Vidare gruppe (seks samlingar/27 deltakarar) og ei Ung- Sorggruppe (1 samlingar med 3 deltakarar)/delteke i ei gruppe for dei som har mista barn i Tokke og Vinje (eitt møte)/ delteke på ein Krisedag for Vinje/1 soknebod/delteke på ei minnemarkering på Dagsenteret i Åmot



Samtaler

40

Kviteseid delteke på Diakonidag i Kviteseid kyrkje og Helgemesse same stad/andakt på eitt foremiddagstreff på Misjonshuset/ saman med ordførar Bjørn Nordskog vore ute å møtt folk på kafen i Vrådal og Waldenstrøm forretta i tre gravferder/ i lag med miljøarbeidar på Kvitsund Gymnas leia "Guys – Group" 3 gonger med 20 deltakarar/delteke på eit diakoniutvalsmøte og vore med på vegleiingskveld for Besökstensta i Kviteseid/ tre Etisk Refleksjonsamlingar på KOS og to samlingar for Heimesjukepleia/delteke på tre samlingar i gruppa Optimistane, ei gruppe for dei som har kreft/ tre samlingar med 39 deltakarar/saman med soknepresten leia ei Leva- vidare gruppe (2 gonger med 8 deltakarar/ delteke på markering av



Verdsdagen for psykisk helse på Kviteseid skule i oktober/ delt tankar på Allehelgenskonsert i Kviteseid kyrkje 8.nov/

**Samtaler****63**

Fyresdal forretta i ei gravferd/leia ei Etisk- Refleksjonsgruppe på POS/ 3 gonger med 10 deltarar). Vegleiing av Heimetenesta(2 gonger/15)

Delteke på Uteskule me ungdomskulevar gonger)/ Delteke på Diakoniens Dag i Veum med minnesamvær for Skogsleiren.



(3)

Samtaler**13**

Nissedal. To diakoniutvalsmøter/delteke på Peiskos og suppe for nye innbyggjarar i Nissedal/ delteke på Diakoniens Dag i Treungen/ organisert ei felles Leva- Vidaregruppe for Nissedal og Kviteseid/for fyrste gong i mi tid som diakon blei Diakoniens Dag avlyst i Nissedal i april avlyst/



SION Flatdal
Onsdag 12. februar. Før-middagstrekk kl. 11.00.
Bøn- og samtalemøte
kl. 19.00. Alle velkomne.

VELKOMEN
til «Saman med suppe»,
onsdag 12. feb. kl. 17.30
på Treungen bedehus.
Eit nabotreff for alle!
Arr: Nissedal Diakoni-utvalet og Frikyrkja

BETEL Åmotsdal
Møte sundag, 09.02.kl.
18.00. Delemøte. Åsbjørg
m/fleire deltek.

Samtaler**108**

Tokke. Fem stabsmøte /eitt krisegruppemøte/ansvarleg for Kirkens Nødhjelp - aksjonen i Eidsborg/Mo/Skafså/leia to gravferder og



ÅRSRAPPORT for PROSTIDIAKONEN I VEST-TELEMARK 2020

delteke i ei/ spist julemiddag med Psykisk Helse/to soknebod/ Leia ei «Samtale om Livet- gruppe (3 gonger med 9 deltagarar), eit samarbeid med Psykisk helse/Styremedlem i Tokke Frivillig Sentral/tent julegrana på Dalen/ei urnenedsetting/ delteke på samtalemessen med konfirmantane/leia ei Guttegruppe på Høydalsmo skule (2 gonger med 7 deltagarar). I samarbeid med Frivilligsentralen i Tokke er det starta ei gruppe for pårørande til demente kalla Kvileplassen/ med i redaksjonen for Kyrkjelyden/Diakonatet har kjøpt seg inn i Prosjekt Storvegen 208. (Ein tidlegare prestebustad på Dalen), her vil ein få naudsynt samtalerom og ein stad for til dømes Levavidare gruppe/ Saman med kommunepsykolog Guro Anna Odden leia to Korona- vegellinggrupper for helsetenesta i Tokke/ leia ei minnemarkering på Åmdalsverk/

Tal og arrangement felles for Tokke, Vinje, Nissedal, Fyresdal og Kviteseid. Tre styremøter i Prostidiakonatet pluss årsmøtet i Diakonatet /ansvarleg for Diakonisamlinga for Vest Telemark i Vinje. I år gjekk

Diakoniprisen til Kvendelaget i Åmot/Ansvarleg for Diakonispalta og Fasteaksjonsidene i Vest-Telemark Blad /delteke på Vest-Telemark- konferansen/prosjektleiar for pilegrimsvandringa frå Grungedal til Røldal med namnet ”Å vandre med håp, nok ein gong var me heldige å hadde med oss vår biskop Stein Reinetsen/medlem av Brukarutvalet for Nav- Vest- Telemark (2 møte)./vore vegleiarar for diakonstudent Helene Sele frå VID/MF



i oktober- november/ ansvarlege for prosjektet «Open kyrkje» i samband med Helgemesse. I samarbeid med Øyvind Dåsvatn RVTS Sør og Agder/Telemark bispedøme arrangert Vandring for forandring 2020. Ei vandring for menn som er etterlatne etter sjølvmort (Ein deltarar- ein dag på Haukelifjell, med mål i Røldal)

Saker og ting utanfor Vest- Telemark.

Avslutta mitt engasjement som andre vara til sentralstyret i Det Norske Diakonforbund (2017-2020)/leia 3 ABV- grupper i Agder og Telemark, og leia to grupper for diakonar i Hamar bispedøme/ delteke på samlingar for ABV-vegeleiarar i Agder og Telemark (2 samlingar)/halde føredrag på Kyrkje-Helse konferanse i Bergen i januar om pilegrimsarbeid/delteke på Kirkens Nødhjelp samling på Porsgrunn/ fagsamling for diakonane i Agder og Telemark på Vegartun/delteke på Håpsseminar på Notodden (eit seminar om misjon og diakoni i A/T bispedøm)/ halde føredag for Telemark Kyrkjekademi om pilegrimsvandringar/informert om kva ein diakon gjer, på Kyrkjelydskveld i Låvekyrkja i Heddal, målet er å få til ei diakonstilling på Notodden/ organisert markering av FNs Internasjonale Flyktningdag saman med Vaksenopplæringa i Seljord19.juni /to undervisning dagar på AOFs Vidareutdanning innan Psykisk helse i Seljord (Eit fysisk og ein digital) /to

treff for diakonane i Øvre Telemark prosti/er med på ein blogg for Kirkens Nødhjelp. (2 innlegg)/ Hadde ein tre-månaders permisjon frå Diakonatet for å arbeide som sjukehusdiakon på Diakonhjemmet, Oslo (Høyr « Diakonalgang» Å gå imellom)./ Er engasjert av Nettkirken til 2 timer per veke med chatteteneste/ sidan i haust medlem i Diakonifaglig Råd på VID/Diakonhjemmet.



Takk til alle gode samarbeidspartar. I kyrkje og kommunar. Alle gode medarbeidarar i , sokneråd og diakoniutval, tilsette, innsette og friviljuge på mange nivå. Takk til styre, og styreleiar i Diakonatet Oscar J. Garnes og kyrkjeverja i Tokke Bjørnar Christensen som legg ting så godt til rette for at eg framleis, og alltid kan glede meg over å vera diakon i Vest- Telemark.

Orda frå Diakonisalta i Vest- Telemark Blad i februar 1991 gjeld framleis:

«Så når verda no er mørk og tung skal me ikkje gløyme å sjå etter ljosa i kvarandre augo, og takk for det.»

Mangt av dette, det ein finn i andre sine augo, let ikkje formidle med ord. Men det utfordrar til innsats, til diakoni, til kjærleik i koronas så vel som alle andre tider.



Eilev Erikstein

Dalen 31.12.2020